



Det Kongelige Kommunal- og
moderniseringsdepartement
Pb. 8112 Dep.

0032 OSLO

Dato

LEIKANGER, 08.02.2017

Statsbudsjettet Kap. 551, post 60 Tilskot til Sogn og Fjordane fylkeskommune for regional utvikling - rapport for året 2016

A. BRUK AV DEI REGIONALE UTVIKLINGSMIDLANE I FORHOLD TIL UTFORDRINGAR, MÅL OG STRATEGIAR FOR FYLKET

Hovudprioriteringar i budsjettåret ut frå fylket sine utfordringar, mål og strategiar for utvikling

Regional planstrategi, og Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025 er førande for verkemiddelbruken innan området, både for regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og eigne midlar.

Fylkestinget har sett folketalsutviklinga som den største utfordringa for Sogn og Fjordane. I verdiskapingsplanen er målet om folketalsutvikling ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst. Målet er ein netto arbeidsplassvekst på 100 i året, dette krev 500 nye arbeidsplassar for å kompensere for dei som er gått bort. Vi ynskjer å utvikle eit arbeidsliv som gir attraktive arbeidsplassar, og dette føreset at det offentlege og private arbeider godt saman. Sogn og Fjordane skal vere ein konkurransedyktig region. Vi skal vere ein attraktiv lokaliseringsstad for verksemdar, og folk skal ønskje å leve livet sitt her.

Vi ser at vi særleg har hatt ei svak utvikling i arbeidsplassvekst innan privat sektor. Sogn og Fjordane har i stor grad eit naturressursbasert næringsliv der veksten i arbeidsplassar ikkje er så stor. Olje- og gasssektoren og kunnskapsbasert tenesteproduksjon er store næringar når vi ser landet under eitt, men dei har ein liten del av verdiskapinga i Sogn og Fjordane.

Målet om ein netto arbeidsplassvekst på 100 i året krev at Sogn og Fjordane får ein større del i ekspansive tenesteytande næringar. I verdiskapingsplanen har vi sagt at flinke folk er den viktigaste ressursen vår. Hovudstrategien er difor:

- Nyskaping basert på dei naturgitte føresetnadane vi har
- Å vere attraktive for folk som vil skape arbeidsplassar
- Ta kunnskapen i bruk

Dette følgjer vi opp gjennom fem bransjesatsingar; reiseliv, sjømatnæringar, fornybar energi, olje-gass og landbruk og to tverrgåande satsingar innan nyskaping og kunnskap.

Satsingane er retta inn mot bransjar som baserer seg på dei naturgjevne føremonene i fylket. Dette er bransjar som ofte rasjonaliserer og reduserer tal tilsette. For mange av desse verksemdene er reduksjon i arbeidsstokken og effektivisering i produksjonen eit teikn på suksess. Dette kan verke som eit paradoks i høve målet om arbeidsplassvekst. Nedgangen i tal arbeidsplassar i industrien og i landbruket må bli erstatta av nye verksemdar.

Vi skal difor sjå nærare på ringverknader. Reiselivsnæringane, primærnæringane og industrien gir marknad for underleverandørindustri. Vi ønskjer å legge til rette for at rådgjevsbransjen kan utvikle seg i samarbeid med dei sterke næringsmiljøa.

Ved igangsettinga av verdiskapingsplanen i 2015 gjorde vi ei større omlegging der vi også bygde opp budsjettet vårt etter satsingane i verdiskapingsplanen. Bransjesatsingane var reindyrka og dei tverrgående satsingane innan nyskaping og kunnskap vart prioritert opp. Dette bygde vi vidare på i 2016. Det er for tidleg å sjå sterke utviklingstrekk og endringar som følgje av satsingane som er sett i verk, så fokus er å bygge opp under det arbeidet som er sett i gang.

Vi legg vekt på at område ikkje berre vert prioritert gjennom økonomiske midlar, men også gjennom arbeidsinnsats. Til dømes har vi prioritert arbeidet med å legge til rette for nyskaping og kommunal næringsutvikling gjennom arbeidsinnsats. Det er også slik at partnerskapen er forventa å bidra inn i arbeidet med verdiskapingsplanen slik at prioriteringane ikkje berre blir spegla av fylkeskommunen sitt budsjett.

Samsvar mellom bruk av midlar og utfordringar, mål og strategiar

Bruken av midlar er i tråd med utfordringar, mål og strategiar. Dette vert det først og fremst lagt til rette for gjennom grundig arbeid med budsjettet og med handlingsplanar i verdiskapingsplanen, men også i konkrete tildelingssaker.

Partnerskapsarbeid

Det er daglege oppfølgingsansvar for alle satsingsområda i verdiskapingsplanen er fordelt mellom partnerskapen. For dei fleste av dei har fylkeskommunen hovudansvaret. For landbruk er det fylkesmannen som har hovudansvaret, og innanfor einskildsatsingar kan partnerskapen ha ansvar for deler av arbeidet. Eksempel på dette er at Innovasjon Norge har ansvar for kunnskapsbasert tenesteyting innan satsingsområde Kunnskap, og Maritim Foreining har ansvar for leverandørutvikling innan olje og gass.

Det er etablert ein overordna partnerskapsarena på leiarnivå for å følgje opp arbeidet med verdiskapingsplanen. Næringsforum har jamlege møte gjennom året og blir oppdatert på arbeidet i satsingane. Fylkeskommunen leiar partnerskapen, og fylkesmannen, NHO, LO, KS, Høgskulen på Vestlandet, NAV og Innovasjon Norge er faste medlemmar. For satsinga på olje og gass har det etablerte partnerskapsorganet Petroleumsrådet ansvar for den overordna oppfølginga.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane jobbar også gjennom mange andre partnerskap. Vi nyttar Innovasjon Norge som operatør for den bedriftsretta satsinga, og vi har utviklingsavtalar med til dømes Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning, regionråda og fylkesdekkande frivillige organisasjonar.

Innan marin næringsutvikling vert det jobba gjennom mange fylkesovergripande partnerskap. Mellom anna gjennom Vestmarin og under store messer. Elles er det samarbeid om politiske høyringar i fylket og ein utarbeider høyringssaker til Vestlandsrådet.

INU-FSF har forvalta kompensasjonsmidlane til næringsretta tiltak frå staten (61-posten) gjennom ein handlingsplan for 2016 godkjent av hovudutval for næring og kultur. I 2016 hadde fondet eit styre med representantar frå næringslivet, ordføraren frå dei involverte kommunane og leiaren i fylkeskommunen sitt hovudutval for næring og kultur. Næringslivet har hatt ei sentral rolle i INU-ordninga med sine seks av ti representantar i fondstyret og med styreleiar.

Fylkeskommunen nyttar arbeidsforumet IT-forum Breiband til planlegging og gjennomføring av breibandutbygging i Sogn og Fjordane. I forumet sit representantar frå fylkeskommunen, regionråda (representerer kommunane) og IT-forum.

Regionale mål og samanheng med overordna nasjonale mål

Vi synest dei regionale måla treff godt med dei overordna måla. Vi har stor merksemd på programkategori 13.50 sitt hovudmål 1 gjennom verdiskapingsplanen der vi har mål om arbeidsplassvekst. For å nå dette målet må vi ha merksemd både på nyetableringar og å styrkje etablerte verksemdar, og det er lagt stor vekt på å utvikle og styrkje næringsmiljø. Vi arbeider også med å styrkje rammevilkåra jamfør hovudmål 2. Innan kvart satsingsområde i verdiskapingsplanen løfter vi opp politiske problemstillingar som vi meiner på setjast på dagsorden og arbeidast meir med. Når det gjeld å betre fysisk infrastruktur vert det lagt vekt på dette i politisk arbeid og i innspel til prioriteringar nasjonalt og i fylket, men innanfor eksisterande rammer i programkategorien er det avgrensa økonomiske ressursar til fysisk infrastruktur. Vi har løfta nokre større infrastrukturprosjekt gjennom post 61. Vi har også stor merksemd på å utvikle attraktive regionar og senter for befolkning og næringsliv, mellom anna gjennom vår mangeårige satsing på tettstadutvikling som blir følgt opp både med økonomiske ressursar og fagleg arbeide.

Hovuddisponeringar av utviklingsmidlane

Faktisk fordeling i 2016 av midlar på utvalte innsatsområder og aktørar for midlane over kap. 551, post 60 og 61.

	Fylkeskommune	Kommune/Regionråd	Innovasjon Norge
Regional utvikling (post 61)	20,950 mill.		1,200 mill.
Regional utvikling (post 60)	33,630 mill.	2,200 mill.	31,000 mill.
Kommunale næringsfond		11,000 mill.	
Omstilling		5,300 mill.*	

* 0,700 mill. kr i rest som vert overført til 2017.

B. MÅLOPPNÅING OG BRUK AV DEI REGIONALE UTVIKLINGSMIDLANE

Måloppnåing

Det er såpass tidleg i arbeidet med oppfølging av verdiskapingsplanen at det er vanskeleg å seie så mykje om måloppnåinga. Vi innser også at vi framleis har eit arbeid føre oss med å bli betre på å vurdere måloppnåing. Vi har ynskje om å kunne måle effekt av verkemiddelbruken, og ynskjer ikkje berre aktivitetsrapportering. Vi har utfordra fagmiljø på å hjelpe oss med å bli betre på effektivisering, men førebels har vi ikkje fått så mykje ut av dette arbeidet. Når departementet hausten 2016 kom med ny målstruktur har vi avventa dette arbeidet litt. Vi ynskjer å dra nytte av arbeidet som vert gjort nasjonalt, og sjå kva rapporteringskrav departementet legg opp til før vi sjølve set i gang mange nye tiltak. Vi ser at dette er ei utfordring også andre fylkeskommunar har, og vi ynskjer at departementet set i verk eit felles arbeid innan dette området.

Vi ser at vi innan verdiskapingsplanen på nokre område har hatt problem med å få andre partnarar til å ta ansvar for heile satsingsområde og at den samla satsinga nok har blitt noko hemma av dette. Innan einskildprosjekt er det enklare å få andre partnarar til å ta ansvar.

Resultat

Bransjeretta satsingar

Reiseliv

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har tre hovudmål. Desse er å auke verdiskaping, auke tal gjestedøgn og få eit meir berekraftig reiseliv. Visjonen for utviklinga av reiselivet i fylket er «berekraftige naturopplevingar i verdsklasse». Denne skal styrke grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, trivsel og busetnad i heile fylket.

Å utvikle reiselivsnæringa er eit arbeid som krev lang tidshorisont for å sjå reelle resultat. I reiselivsplanen jobbar vi tett saman med partnarskapen for å nå måla og lytte til næringa for å innrette innsatsen etter behova.

Den årlege prosentvise endringa av talet på overnattingar i overnattingsverksemdar syner at Sogn og Fjordane stort sett følgjer trendane nasjonalt, men at tendensane er sterkare både i positiv og negativ retning.

I 2014 og 2016 hadde overnattingsverksemdene i Sogn og Fjordane annleis utvikling enn næringa nasjonalt. I 2014 fall talet på overnattingar i Sogn og Fjordane med fire prosent, medan dei vaks med fire prosent nasjonalt, og i 2016 vaks talet på overnattingar i Sogn og Fjordane med seks prosent, medan det var nullvekst nasjonalt. Også tala for 2015 var positive og utvikling i tal reisande er venta å auke kraftig i tida fram mot 2030. Sogn og Fjordane må arbeide målretta og effektivt for å ta del i denne utviklinga.

Sogn og Fjordane er fylket med relativt mest utanlandske gjestedøgn, og difor særleg følsame for internasjonale trendar.

Vi legg vekt å spisse infrastrukturutviklinga kring viktige fyrtårn. Gjennom Innovasjon Norge har vi bidrege til storsatsinga på pendelbane frå Loen til Hoven som ein trur vil bli eit nasjonalt fyrtårn innan reiselivet på Vestlandet. Fylkeskommunen bidreg også til stibygging rundt pendelbana. Bana opnar i mai 2017 og bestillingane knytt til anlegget er allereie svært gode.

Eit viktig premiss for satsinga innan reiseliv er at utviklinga skal vere berekraftig. Det er difor prioritert ressursar til utgreiingar og tiltak innan dette området. I 2016 kom sluttrapporten frå det treårige forskingsprosjektet «Samspel for berekraftig reiseliv», som mellom anna

viser at det er svært ulike oppfatningar innan og mellom staten, fylke og kommunar om berekraftig reiseliv. Skilnadane er så store at det ofte blir vanskeleg å trekkje i same retning. I 2015 starta ein arbeidet med regional cruisestrategi for dei fire vestlandsfylka. Cruisestrategien skal løfte fram relevante utfordringar for den forventta veksten av cruiseturismen i Vestlandsregionen og ta omsyn til ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa og for lokalsamfunn i regionen.

Fornybar energi

Innan dette området har vi framleis potensiale for å få til eit breiare partnerskapsarbeid, og få fleire aktørar på bana i ulike prosjekt. I 2016 vart «Energiforum Sogn og Fjordane» etablert. Forumet erstatta Vindkraftforum, noko som markerar ei breiare satsing.

Sogn og Fjordane er rikt på naturressursar som vasskraft, vindkraft, biomasse og bølgekraft. Produksjon av hydrogen i fylket kan difor skje med utgangspunkt i kraft frå fornybare energikjelder.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser moglegheitene for regionalt næringsliv og har sett i gang eit «Prosjekt Hydrogen Region Sogn og Fjordane» som varer frå 2016 – 2018, for å etablere fylket som ein sterk region innanfor utvikling av hydrogen som energiberar, og kommersialisering av hydrogenteknologi. Viktige satsingsområde vil vere maritime transportløysingar, hydrogen til bruk innanfor både tradisjonell og landbasert oppdrettsnæring, smarte energisystem med hydrogen som energilagring og lokale verdikjeder basert på hydrogen frå småkraft.

IN Sogn og Fjordane løyvde 20,8 mill. kr til 6 prosjekt innanfor Miljøteknologiordninga i 2016. Prosjekta varierer i storleik frå 1 mill. kr til 10 mill. kr i tilskot. Prosjekta er innanfor område som solenergi, vasskraft, industri, marin og smarte samfunn.

Olje og gass

Det vert nytta mykje arbeidskapasitet både administrativt og politisk for å legge til rette for petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane. Særleg i Florø, der Fjord Base har ei sentral rolle.

I verdiskapingsplanen har Maritim foreining Sogn og Fjordane hovudansvar for å utvikle leverandørverksemdene. Dei organiserer arbeidet gjennom utviklingsprogrammet «Supply Chain Network Sogn og Fjordane», som har som overordna målsetting å doble den petroleumrelaterte omsetnaden i løpet av ein femårsperiode (frå 2013). Vi ser at med utviklinga som har vore i oljeprisane kan det bli ei utfordring å nå dette målet. Det er eit potensiale for å nytte kompetansen innan petroleum til verdiskaping og innovasjon i nye næringar. Prosjektet er difor utvida til å omfatte verdiskapande aktivitetar i havrommet. Leverandørindustrien er svært aktive i arbeidet med alternative energiformer, sjå skildring av hydrogenprosjektet.

Sjømatnæringar

I gjennomføringa av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane er særleg to problemstillingar løfta fram, arealbruk i sjø og styrkja tilgang til kompetanse og rekruttering i sjømatnæringane. Det er sett i gang eit prosjekt saman med kommunane og Norges Geologiske Undersøkingar (NGU) med opparbeiding av botnkart for kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Arbeidet starta i 2015, og vert ferdigstilt februar 2018. Det blir arbeidd vidare for å auke tilgjengeleg areal for havbruksnæringa gjennom eige program.

To delprogram er starta opp innan rekruttering og kompetanse. Eitt retta mot elevane på marine linjer ved Måløy vidaregåande skule og eit der målgruppa er dei tilsette i næringslivet. Det vart i juni sendt søknad til Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskonsesjon for oppdrett av laks og aure. Vi har og starta eit forprosjekt som skal vurdere kostnadsgrunnlaget for ein eventuelt nytt opplæringsfartøy.

Landbruk

I 2016 blei landbruk ein del av verdiskapingsplanen. Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp dette temaområdet i planen. I verdiskapingsplanen er temaområdet konsentrert om nokre område, med merksemd på verdiskaping ved produksjon og foredling, sysselsetting og busetnad, FoU og nasjonale rammevilkår. Vi har ikkje tal for 2016 innan dette satsingsområdet. Vi har elles mykje merksemd på å vere høyringsinstans for nasjonale prosessar og har mellom anna løfta fram dei viktigaste produksjonane i fylket i fråsegn til jordbruksoppgjeret.

Vidare har fylkeskommunen fordelt 1,58 mill. kr. til korte kurs og langsiktige prosjekt som har mål om å auke rekrutteringa og kompetansen i landbruket i fylket. Her nyttar vi midlar frå Landbruks-

og matdepartementet. Agronomutdanning for vaksne er framleis det største tiltaket som gjev kompetanse til nye næringsutøvarar i fylket. Det har vore god deltaking på dei fleste kurs- og kompetansetilboda.

I lag med Innovasjon Norge og fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vi sett i gang «Prosjekt Tredrivar». Prosjektet søkjer løysingar for foredling av ressursen tre i fylket, med mål om industriutvikling, grøne arbeidsplassar og verdiskaping.

Nyskaping

Vi prioriterer midlar til kommunale næringsfond og omstillingsarbeid, og følgjer dette opp med å arrangere ei rekkje kurs og samlingar for å styrke kompetansen i næringsapparatet, og for å sikre god informasjonsutveksling mellom aktørane som arbeider med næringsutvikling. Vi arrangerer også etablerarkurs og forretningsspesifikke temakurs for gründerar og småbedrifter. Dette er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunar, og næringsselskap og inkubatorar. Frå 2012 til 2016 har 253 personar delteke på det grunnleggande etablerarkurset. Spørjeundersøkingar syner at deltakarane er godt nøgd med kursa.

God informasjonsutveksling er ein føresetnad for å opptre som eit samordna næringsapparat. Driftig.no skal vere hovudkanalen for informasjon relatert til nærings- og gründerarbeid frå kommunalt- og regionalt nivå til etablerarar og småbedrifter. I 2016 gjennomgjekk nettsida store endringar for å spisse innhaldet mot målgruppa og gjere sida meir attraktiv og brukarvennleg.

I 2016 hadde vi to omstillingskommunar; Askvoll og Lærdal. Den årlege vurderinga av omstillingsarbeidet (programstatusvurderinga) viste framgang på dei aller fleste indikatorane i høve til året før, og det vart arbeidd strukturert og målretta.

Kunnskap

Satsinga Kunnskap som del av verdiskapingsplanen har fire arbeidsområde:

- forskning og utvikling
- opplæring
- tilgang til kunnskap gjennom rekruttering
- utvikling av kunnskapsintensive, tenesteytande næringar

Det er løyvd midlar til ein utviklingsavtale mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Eit viktig føremål i 2016 var å forsterke forskingsmiljøa si evne til å delta i europeisk forskningssamarbeid. Avtalen og satsingane som følgje av den, skal stø opp om dei regionale satsingane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune søkte og fekk finansiering på eit Interreg Europe prosjekt om innovasjonsnettverk i utkantsamfunn. Prosjektet er knytt til satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen. Partnerane er utkantsamfunn frå Finland, Slovenia, Kroatia, Spania og Italia. Hovudmålet med arbeidet er å profesjonalisere kommersielt retta nettverksarbeid.

Det er også sett i gang eit større arbeid med regionale kompetansestrategiar som vil få stor betydning for kunnskapssatsingane i verdiskapingsplanen.

IN prioriterer bedrifter innanfor KIFT næringane, (kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting), jamfør hovudutfordringane med tanke på næringsmiks. IN Sogn og Fjordane har også dei siste åra oppmoda bedriftene til meir samarbeid, noko som har ført til sterk auke i bruken av verkemiddelet «Bedriftsnettverk». Det er ei ordning som skal bidra til etablering av strategiske og kommersielle samarbeid mellom bedrifter.

Infrastruktur

Fylkestinget vedtok i april 2016 ein strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020. Fylkeskommunen har som mål at alle bedrifter og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til eller ha prosjekt for å etablere andre generasjon breiband innan 2020. Strategien er avhengig av statleg støtte for å bli realisert. Gjennom godt samordningsarbeid etablert gjennom eit eige prosjekt i fylkeskommunen har vi fått mykje midlar samanlikna med andre fylker frå den statlege ordning. Fylkeskommunen har også løyvd midlar gjennom post 60 for å følgje opp satsinga.

Trass i rekordstore løyvingar og utbygging er Sogn og Fjordane likevel det fylket med svakast dekning både for fast og mobilt hurtig breiband. Spreidd busetnad og utfordrande topografi med fjell og fjordar gjer breibandutbygging i Sogn og Fjordane kostbart.

Fylkeskommunen har i dag ei rolle som bindeledd mellom Nasjonal kommunikasjonsmyndighet og kommunane. Vi gjev råd til kommunane innan ei rekke område og arbeider med å styrke kompetansen på breibandutbygging i kommunane. Det vil framleis vere behov for ei satsing på breiband og mobil i mange år framover.

Attraktive bumiljø- tettstadutvikling og stadforming

Ny regional planstrategi vart vedteken i juni 2016. I samsvar med denne har fylkeskommunen lagt ned mykje arbeid med å utvikle gode og attraktive bu- og arbeidsmiljø. Vi har blant anna gjennomført eit stort symposium i Stryn som set fokus på brei involvering i utvikling av gode og attraktive møteplassar. Andre tettstadutviklingsprosjekt som har hatt fokus i 2016 er stadutvikling av Dale i Fjaler kommune, vidareføring av pilotane Reed, Måløy og Gulen og sentrumsutvikling av Sandane i Gloppen kommune. Mesteparten av den økonomiske støtta i 2016 gjekk til vidareutvikling av Sogndal sentrum og fjordstien der.

Regionvise utviklingsprogram

Gjennom samarbeidsavtalar med dei fire regionråda har vi bidrege med kr 550 000 til kvart av dei i 2016. Samarbeidsavtalane støttar opp under utfordringane slik dei er definert i regional planstrategi. Regionråda gjennomfører ulike tiltak/prosjekt i eigen regi. Døme på dette er styrking av samanhengen mellom næringslivet sitt behov for kompetane og utdanninga i fylket.

Kartlegging friluftsområde

I 2016 har vi også satt i gang eit prosjekt med tanke på kartlegging og verdsetting av friluftsområda i alle kommunane i fylket. Dette arbeidet vil vare til og med 2018.

Utviklingsarbeid klima

I 2016 vidareførte fylkeskommunen samarbeidsavtalane med frivillige lag og organisasjonar som jobbar spesielt kring temaet klima og miljø. Organisasjonane som hadde samarbeidskontrakt med fylkeskommunen i 2016 var Sogn og Fjordane 4H, United World Collage RCN, Naturvernforbundet og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Gjennom denne type kontraktar er fylkeskommunen med å støtte lokale lag og organisasjonar som jobbar med temaet klima og miljø i fylket. Som ein del av kontrakten forpliktar organisasjonane å bidra inn mot relevant fylkeskommunalt arbeid, som til dømes planarbeidet kring ny klimaomstillingsplan.

Refleksjon

Som nemnt ovanfor er hovudutfordringa å ha godt nok faktagrunnlag til å gjere vurderingar om effektar av tiltaka. Men vi ser også at vi uavhengig av dette bør bli betre til å gjere gode refleksjonar over nytten av alle tiltaka. Større tiltak og overordna satsingar blir vurdert, men det kan vere ei utfordring å vurdere alle mindre prosjekt og setje dei i ein samanheng. Dette vil nok også bli betre når vi no har reindyrka satsingane våre og vil legge tyngde i færre og større satsingar.

I 2018 skal handlingsplanen til verdiskapingsplanen reviderast. Vi har starta arbeidet med å førebu denne revisjonen og ser dette som eit høve til å betre arbeidet med effekt og resultatmåling. Vi håpar også på at det skal gjerast eit arbeid nasjonalt knytt til utdjupeing av ny målstruktur frå KMD og samarbeid mellom fylka på dette området som vi kan dra vekslar på. Fylka har nokså like utfordringar, og eit felles arbeid ville vere effektivt jamført med at kvart fylke skal finne ut av effektmålingar på eiga hand.

Eksempel

Verdiskaping innan helsesektoren

Fylkeskommunen ynskjer å gå inn med støtte på eit tidleg tidspunkt før eventuell kommersialisering. Gjennom post 61 har INU-FSF støtta eit helseprosjekt i tidleg fase. Fjordomics fokuserer på analyse av blod for å avdekke risiko for utvikling av livsstilsrelaterte sjukdommar. Resultata vil brukast for å starte førebygging, og også for å finne rett behandling til den enkelte pasient dersom sjukdom er påvist. Målet med Fjordomics var å etablere ein nasjonal plattform i Sogn og Fjordane for forskning, teknologisk utvikling og innovasjon i helsesektoren. INU-FSF har støtta prosjektet i ein tidleg fase då ein mellom anna såg på planar for finansiering og organisering.

Fjordomics har no bygd opp unik kompetanse innan området, og gjennom gåver og finansiering frå andre partar har dei no fått tilgang til ny medisinsk teknologi som kan revolusjonere måten helsevesenet jobbar på og gi pasientane moglegheit til å førebygge utvikling av livsstilssjukdommar. I tillegg til dei medisinske aspekta bidreg prosjektet til verdiskaping innan helsesektoren med tanke på kompetansesarbeidsplassar lokalt.

Verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon

Fylkeskommunen arbeider saman med Norges Forskingsråd for å mobilisere næringslivet til å ta i bruk FoU, med prosjektet VRI – Verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon. Verkemidlet «kompetansemekling» er mest vellukka og vert vidareført som eit tilbod delfinansiert av forskingsrådet.

I 2016 vart eit 10-årig VRI-samarbeid slutført. Av viktige resultat kan vi trekke fram:

- Grunnlaget for samarbeid mellom energibransjen og høgskulen vart lagt
- Grunnlaget for reiselivsplanen vart lagt og etterkvart eit forskingsprogram innan reiseliv
- Tenesta kompetansemekling har mellom anna vore viktig for:
 - Datalagring i Lefdal Gruve
 - N-Link
 - Havkraft
 - Sogn Akva
 - Blue Fjord
 - Better Player
 - Simas næringsprosjekt
- VRI har gitt auka mobilitet mellom høgskulen og næringslivet:
 - Bachelor oppgåver
 - Tilbodet nærings-pHd
 - Bedriftsbesøk
 - Dialogkonferansar arrangert av studentar
- VRI har vore eit «lågterskeltilbod» for å få vurdert FoU for bedrifter

Evalueringar

Evaluering av omstillingsprogrammet i Hyllestad (2010-2015): Trøndelag Forsking og Utvikling: «Omstilling i Hyllestad – Sluttevaluering av omstillingsprogrammet».

C. INTERNKONTROLL OG REVISJON

Fylkesrevisjonen har ikkje hatt merknader eller funn direkte knytt til verkemiddelbruken på postane 60 og 61.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift